

## Referat frå møte i arbeidsgruppa 8.januar

Tilstades: Bård Sandal, Svein Heggheim, Torbjørn Mjelstad, Linda Farestveit, Heidi Bjønnes Larsen, Vidar Kjøraas, Sonja Iren Dyrkorn, Ingvild Greve, Kristian Arnesen, Elise Dåvøy, May Søfteland, Kjell Magnar Helland, Kathrin Jakobsen, Stian Skår Ludvigsen, Hans Inge Kloppen, Marit Rødseth, Anna Sara Svendsen, Kjersti Kvaløy, Agnete Wiborg

Ikkje tilstades: Morten Myksvoll

### Dagsorden:

Presentasjonsrunde

#### 1) Presentasjon av planprogram og plantema.

##### *Dimensjonering*

Om målsetting for arbeidet med fagskolane:

Det er endringa på gang når det gjeld fagskolar. Det kjem snart ei St.meld om eigarskap. Utfordringa vil truleg vere meir knytt til kva ein skal satse på innhaldsmessig enn utfordringar knytt til rammevilkåra. Det er også snakk om meir samarbeid mellom høgskolar og fagskolar.

Det blei vedteke å endre punkt 2 under kva ein ønskjer å oppnå i planarbeidet, til å sjå meir på innhald og sjå fagskolane i ein større regional kontekst.

Høgskolesektoren er også i endring, og det vil ha innverknad på korleis ein skal tenke forholdet mellom region og utdanningstilbod. Dette må temagruppe 1 Dimensjonering og 2 Endring og omstilling ta omsyn til i sitt arbeid.

#### 2) Organisering

##### *Temagrupper – forslag til samansetting og oppgåver*

Det blei vedtatt at det blir opprette 3 temagrupper, ein for kvart tema. Gruppa for dimensjonering blir leia av Torbjørn Mjelstad, leiar seksjon fagopplæring, gruppa for endring og omstilling blir leia av Heidi Bjønnes Larsen, seniorrådgivar næringsseksjonen og gruppa for utdanningsval og karriererettleiing blir leia av Linda Farestveit, leiar seksjon skole.

Medlemmane i arbeidsgruppa sender inn ønskje om kva gruppe dei ønskjer å delta i til sekretariatet v/ Agnete Wiborg ([Agnete.Wiborg@hfk.no](mailto:Agnete.Wiborg@hfk.no)) **innan 22.januar**. Forslaga blir vidaresendt til leiarane av temagruppene som avgjer samansetting av gruppene i samråd med leiinga av arbeidsgruppa og sekretariatet. Leiarane i temagruppene kallar inn til første møte.

Det blei understreka at det er viktig med koordinering mellom gruppene slik at ein ser samanhengen mellom dei ulike temaa, samstundes som arbeidet ikkje overlappar.

##### *Målsetting for arbeidet i temagruppene:*

Som nytt punkt for arbeidet i temagruppene, blei det foreslått at kvar temagruppe skal foreslå realistiske mål for arbeidet.

Sjå vedlegg for oversikt over organisering av arbeidet, inkludert analysane.

#### 3) Analyser og kartleggingar

##### *Planlagde analyser og kartleggingar*

Det blir sett ned ad hoc analysegrupper for å arbeidet med analyser som er presentert i planprogrammet.

Analysegruppene operasjonaliserer dei planlagde analysane og sender dei til godkjenning til temagruppene før analysane blir gjennomført.

Innspel på analysar frå temagruppene, utover dei som står i planprogrammet, må sendast inn til sekretariatet innan **10.april**. Av omsyn til kapasitet er det ikkje sikkert at analysar som blir foreslått etter denne dato kan bli gjennomført. I staden kan dei bli vurdert som tiltak i planen.

Fleire av kartleggingane kan gjerast av medlemmar i arbeidsgruppa. Medlemmane vil få konkret bestilling på kva for kartleggingar dei skal gjere i eiga institusjon. Kartlegginga må vere klar før første møte i temagruppene. Sekretariatet v/Agnete Wiborg sender ut bestillinga.

*Presentasjon av pilotprosjekt i regi av Kunnskapsdepartementet og Kommunal- og moderniseringsdepartementet (Sjå vedlegg)*

Hordaland fylkeskommune skal leie eit pilotprosjekt med 4 andre fylkeskommunar kor formålet er å kartlegge behov for arbeidskraft i eigen region for å betre balansen mellom tilbod og etterspørsel etter kompetent arbeidskraft, samt å skape og forankre ei felles forståing av kvar region sine kompetanseutfordringar og -styrker.

Planlagde analysar i planarbeidet vil inngå som del i pilotprosjektet.

#### **4) Framdrift og møteplan**

Neste møte blir **19.april kl. 11.30-15**

Til dette møtet skal analysane vere operasjonalisert og temagruppene skal melde tilbake om framdrift i arbeidet ut frå oppgåvene dei har fått. Behov for ev nye analysar må vere avklart (sjå pkt 3).

3. møte blir 21.juni kl. 11.30-15

#### **5) Eventuelt**

*Vedlegg:*

Presentasjon frå Agnete Wiborg

Presentasjon frå Stian Skår Ludvigsen

Notat om pilotprosjektet